

Uttale til intensjonsavtale for ny kommune frå Råd for menneske med nedsett funksjonevne i Radøy:

## **Kapittel 2 Visjon,**

- 3.avsnitt: *Tenestetilbodet skal vera desentralisert, og kommunen skal ha tenelege tilbod i alle lokal- og nærsenter.*

## **Kap 7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse, Tenesteyting,**

- 1.avsnitt: *Dagens tenestetilbod skal oppretthaldast, samtidig som ein sikrar at innbyggjarane ikkje får dårlegare tenester enn dei har i dag.*
- 2.avsnitt: *...for å sikra lokal identitet og nærleik til tenestene. Faste institusjonsplassar skal, så langt det let seg gjere, tildelast i nærleiken av der brukarane bur.*
- 4.avsnitt; *Bibliotek, institusjonskjøkken, frivilligsentralar og idrettsanlegg vert vidareførte med dagens lokalisering.*

I tillegg vil me understreka kor viktig det er med gode tenestetilbod i dei føreslegne lokal- og nærsentra. Innbyggjarane er, etter vår meining, best tent med å ha tenestetilbod i nærleiken av der dei bur. På Manger har me i dag tenester som lege, fysioterapi, helsesøster, tannhelseteneste, psykiatriteneste, institusjonsplassar, ulike dagtilbod, m.m. Det er viktig at gode, etablerte fagmiljø vert vidareutvikla der dei er lokalisert i dag.

Me i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Radøy, vil og trekkje fram ungdomskoordinatoren som eit særskilt viktig satsingsområde også i framtida. Me oppmodar om at denne stillinga vert vidareført ved ei eventuell kommunesamanslåing.

Når det gjeld siste avsnitt under Samfunns- og næringsutvikling, kapittel 7, er det særskilt viktig at ein ikkje legg ned tilbod til dei som av ein eller annan grunn fell ut av vanleg arbeidsliv. Tilrettelagte bedrifter/ tilbod skal ikkje falle vekk i ein evt. ny kommune. Då tenkjer me til dømes på AUFERA, RAS og NIS. Desse arbeidstakarane skal ikkje stå utan arbeid etter 01.01.2020. RMNF ynskjer at intensjonsavtalen skal omtala fokus på, og utvikling av, arbeidsmarknads- og vekstbedrifter.

Til slutt vil me påpeika at intensjonsavtalen ikkje seier noko om kultur og idrett. Etter vår meining bør dette takast med i intensjonsavtalen. For vår del er Radøyhallen eit viktig annlegg for dei innbyggjarane me representerer. Hallen er tilrettelagt for menneske med ulike nedsette funksjonevner, og bassenga, spesielt terapibassenget, vert mykje nytta av denne gruppa. Tilboda i Radøyhallen må oppretthaldast.

Jannicke Helland, leiar